



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
23.06.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/7641 472
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Informasjon om krav til bruk av forureina massar frå byggje- og gravearbeid

Fylkesmannen har fått spørsmål frå ein entreprenør om bruk av forureina massar i tilstandsklasse 2 og 3 kan nyttast utanfor tiltaksområdet. Svaret frå fylkesmannen følgjer vedlagt.

Kommunane skal godkjenne tiltaksplanar ved graving i forureina grunn etter forureiningsforskrifta kapittel 2, og føre tilsyn med disponering av forureina massar frå byggje og gravearbeid. Spørsmålet frå entreprenøren viser at det er uklart for nokre aktørar korleis forureina massar frå bygge- og gravearbeid skal handterast. Svaret frå fylkesmannen kan vere nyttig for kommunane i arbeidet med å følgje opp at forureina massar vert handtert i tråd med regelverket, og ikkje vert spreidd i naturen.

Sjå [miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) for rettleiing om sakshandsaming ved forureina grunn i byggje- og gravesaker, <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Forurensing/Forurensent-grunn-i-bygge-og-gravesaker/>

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Astrid Holte
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.